

**Fra:** Inge Herman Rydland <rydlandmail@gmail.com>  
**Sendt:** onsdag 3. mars 2021 11:07  
**Til:** Anne Lise Molvik; Post Alver byggesak  
**Emne:** Re: 21/10753 Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 173/3 Rydland  
**Vedlegg:** Nabovarsel til Halvard Rydland for 173 3.pdf; Nabovarsel til Alver 1.pdf; Nabovarsel til Alver 2.pdf; Kvittering nabovarsel Halvard Rydland.pdf; Nabovarsel til Halvard Rydland for 173 30002.pdf; Tiltak på kart 173 3.pdf; Plantegning grunnlan 12.pdf; Rydland fasade øst nr 8.pdf; Plantegning kjørebynivå 13.pdf

**Referanse: Saksnr: 21/345 - 21/10753**

Hei,

Viser til brev av 17. februar 2021 om att de treng fleire opplysningar før de kan behandla søknaden for renovering av løa, gbnr 173/3 Rydland.

Eg tek punkta eit etter eit:

1. **Dispensasjon frå arealføremålet:** Denne saka veit eg att de arbeider med. Eg har vore i kontakt med nokre av dei andre gardseigarane i bygda som er i same situasjon som eg: Dei driv ikkje aktivt jorda (andre bønder slår jorda), men driftar skogen aktivt. Ein av dei planlegg å bytte tak på løa, med kostnader dekkja av inntekter i fra skogen. Han stiller som meg seg utforståande til att det ikkje er gardsdrift hos han. Han planlegg heller ikkje å utvide arealet. Eg ber difor om forståing for att me meiner att garden no vert drifta på ein fullverdig måte innafor dei avtalene me har med nabobønder. Att "heimelshavar ikkje har fast adresse på eigedommen" er vel ikkje heilt relevant, ettersom kommunen tidlegare har gjeve meg fritak i frå nettopp det, grunna storleiken på dyrka mark og arbeidssituasjonen (Utanriksdepartementet, Oslo).
2. **Dispensasjon frå byggegrensa:** Har vore i kontakt med Fylkeskommunen. Nettsida som de referer til i brevet av 17. febr, er under vedlikehald, og søknad kan difor ikke sendast før fredag, er meldinga eg fakk i frå fylkeskommunen.
3. **Nabovarsel:** det er gjort - sjå kvittering frå Halvard Rydland.
4. **Tiltak på kart:** Tiltaket er teikna inn på kommunen sitt kart - sjå vedlegg.
5. **Planteikningar:** Det ligg ved planteikningar frå begge plan. Legg også ved ei justert fasadeteikning (fasade aust - nr 8). Den erstattar teikning nr 8 av 20. 12. 2020.

Ser fram mot ei rask behandling av denne søknaden.

mvh

Inge Herman Rydland  
41279370

man. 1. mar. 2021 kl. 13:41 skrev Inge Herman Rydland <[rydlandmail@gmail.com](mailto:rydlandmail@gmail.com)>:

Hei,

Takk for svar.

Ikkje for å vera vanskeleg, men denne eposten fekk eg i frå kommunen tidlegare. (Hovudbodskap merka i gult av meg):

**Hei ettersom dette er en gard med drift vil jo dette være i samsvar med LNF-formålet.**

Driftsbygninger oppføring/endre kan man søke om selv. Vi trenger da tegninger som viser dagens situasjon og ny situasjon, plassering i kart med de ytre målene og eventuelt minste avstand til vei eller nabogrense med mindre det er store avstander.

Jeg har lagt ved søknadsblankett og nabovarselskjema. Alle tiltak må som et utgangspunkt nabovarsles. Loven åpner opp for at man kan søke om fritak dersom tiltaket i liten eller ingen grad berører naboene. Eventuell søknad om fritak må sendes ved sammen i søknaden.

Utgangspunktet for disse sakene er 3 ukers saksbehandlingstid. Vi har dessverre stor pågang, så det kan ta noe lengre tid.

**signert Ingrid Pedersen**

Er det slik at Alver ikkje deler denne vurderinga lengre?

Vil berre ha dette avklart so raskt som mogeleg, då en slik søknad et tidkrevande.

mvh

Inge Herman Rydland  
41279370

ons. 24. feb. 2021 kl. 13:36 skrev Anne Lise Molvik <[anne.lise.molvik@alver.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no)>:

Hei Inge Herman Rydland

1. Det er kommunen si vurdering at tiltaket krev dispensasjon sjølv med dine opplysningar om skogsdrift, jf. vurderinga som er gitt tidlegare.
2. Eit kvart tiltak som skal etablerast innanfor byggegrensa mot fylkesveg vil krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon. Dette gjeld også når fotavtrykket til bygget forblir uendra.

**Med helsing**

**Anne Lise Molvik** | Rådgjevar byggesak

Telefon: +47 56 37 56 40

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no/](http://www.alver.kommune.no/) epost: [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE

---

**Fra:** Inge Herman Rydland <[rydlandmail@gmail.com](mailto:rydlandmail@gmail.com)>

**Sendt:** onsdag 17. februar 2021 15:20

**Til:** Anne Lise Molvik <[anne.lise.molvik@alver.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no)>

**Emne:** Re: 21/10753 Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 173/3 Rydland

Hei, og takk for veldig grei e-post med spørsmål om fleire opplysningar.

Før eg set i gong, vil eg vil berre avklara følgjande:

1. "Vi kan ikkje sjå att det er aktiv gradsdrift på eigedommen." Eg var overraska over dette punktet, då eg drift aktiv gardsdrift (skog) sidan tre år - og den vil halda fram fleire år til. Ber difor om ei avklaring på om det er riktig att eg då må søke om dispensasjon frå arealføremålet LNF.
2. Må ein ha dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5472 når ein ikkje utvider arealet? Er det fordi eg aukar mønehøgda? Alle plan vert som før.
3. OK
4. OK
5. OK

mvh

Inge Herman Rydland

ons. 17. feb. 2021 kl. 13:17 skrev Anne Lise Molvik <[anne.lise.molvik@alver.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no)>:

Se vedlegg